

# Årsmelding Barnas turlag Gulen 2015

I januar hadde me første styremøte, og leiar vart Monica Skjelanger Reknes, nestleiar Håvard Tveit, og elles sat Gunnar Bøe, Kari Furnes og Linn Dyveke Wilberg i styret. Det vart eit krevjande år grunna sjukdom hjå leiar, og det har ikkje vore fullt så mange aktivitetar som ynskjeleg. No er me attende for fullt og ser fram til eit nytt, og langt meir innhaldsrikt år på turfronten! Dei turane som har vore, har vore svært bra.

Året starta med Kom deg ut-dag i Stordalen 1.februar. Her var det ulike tilbod til aktivitetar, og ungane fekk prøve både slalom, langrenn og anna. Slakteriet i Brekke og Braanaas sponsa med laks, så alle fekk god mat, godt tilberedt på bål av den gode m.a. kokken vår, Kari Furnes. over 100 deltakarar.

Det neste på lista var Steinsfjellet 22/3.

19/4 var det tid for trefjellsturen, som vart ein knallsuksess! Flinke ungar og foreldre gjekk friskt av garde, og over 100 stk vart med! Ein kjempetur me ser fram til å ha på nytt neste år.

01.05.15 - Gunnar Bøe tok med seg BTG på tur i skogane ovanfor Eivindvik.

71 personar fann vegen til Breidvikstølen 25/5, som er ein av dei årlege turane. Denne skal me og halde fram med! Dette har vore ein kjempetur i ei årrekke, og det er mogeleg å utvide turen til m.a. Langvatn og Breidalsstølen for dei som ynskjer det.

16/8 var det tid for tur til Midt-Taklestølen. Her var det berre 7 deltakarar, men her var det innslag av troll og geocaching. Ungane koste seg skikkeleg, men vart litt skuffa over skatten dei fann. Denne var ikkje heilt slik dei hadde forventa (eit lestepar, liten figur, osv).

23/8 var det Bjørn West- marsjen. Dette er og eit årleg, og stort arrangement som det er flott at Barnas turlag kan vere med på.

6/9 var det Kom deg ut-dag på Gulatingplassen. Her var ordførar invitert med, og det var mange ulike aktivitetar dei kunne vere med på.

Me starta 5/9 med aktivitetsdag;Leiar heldt innlegg og åpna dagen med vekt på Friluftsliv og Allemannsretten

kystlaget i Gulen stillte med skøyte, og barn og vaksne var med utpå fjorden for fiske og sightseeing, På land var det muleg å snekre båtar, spele sandvolleyball, frisbee, lære knutar mm.

Det vart grilla laks, som var gitt frå Slakteriet i Brekke og Braanaas, med salat til alle.

kl.17.00 held Odd Eide innlegg om Allemannsretten.

Kl.18.00 slo me leir- dei som ville ha natt i naturen (28 stk), og det vart fortsatt aktivitet.

Ordførar Hallvard Oppedal snakka om Friluftsliv generellt og i kommunen. Det vart grilling, og for laurdagsgodt vart det "Godteeventyr" ved Wenche. Ca midnatt var det stillt, og alle var godt nøgde neste dag til felles frukost i Grindbygget.

Dette var dagen for Kom Deg Ut dag. Sidan det hadde vore full aktivitet dagen før, var det tur til Guløytoppen for barna , og til Kjerringnova for dei vaksne / unge.

15/11 var det lommelykttur på Tveita. Dette var knallkjekt! 43 stk fann vegen til Tveita, og Wenche stilte med kakao og bollar, og viste seg å vere endå meir allsidig enn me allereie veit at ho er. Jammen er ho ein knallgod bakar og! Ungane gløynde både motbakkar og mørkre, og hadde ein heilt fantastisk tur.

Så sjølv om leiaren var ute store delar av året, har det skjedd mykje likevel. Planane for neste år er store, og me ser fram til eit flott og aktivt turår, der me vil samarbeide med Barnas turlag Masfjorden, BT Solund, YST Ung, og sjølvsagt YST. Me ynskjer å invitere YST ung til å bli med oss på turane og aktivitetane våre som medhjelparar.

Til neste år satsar me på alt frå fjøre til fjell, inkludert klatring, kanopadling og mykje meir. Me ynskjer å vidareføre dei faste turane, men og komme med nye aktivitetar som vil variere slik at me kan lære å bruke naturen vår på ein mest mogeleg variert måte. Me bur i nokre flotte kommunar som innbyr til mange, spennande aktivitetar, og det må me nytte oss av.

Leiar for BT Gulen

Monica Skjelanger Reknes